

● Møre og Romsdal Bondelag inviterte mjølkebønder til samling

Dagros må mosjonere

Det er ikkje lenger noko bønn: Alle kyr skal mosjonereast – ute i det fri. Elles får bøndene bot.

– Dette er handlingens år. Kyrne skal ut, var meldinga dei mange frammøtte mjølkebønderne frå Nordvestlandet fekk då dei i går møtte Mattilsynet.

Møtet fann stad i lokala til Skodje Samdrift, som sjølv ikkje har funne noko løysing på mosjonskravet enno.

– Vi synest eigentleg dyra får nok mosjon inne. For vi har lausdrift, det er opne vegger på sidene – og dyra våre har 800 kvadratmeter å bevege seg på, seier Petter Arne Ekroll.

Han er ein av fem eigarar av samdriftsjøset i Skodje, som i alt har 250 dyr i den 2.300 kvadratmeter store bygninga – reist i 2010.

– Difor søkte vi i 2014 om dispensasjon frå kravet om at mjølkekyr, ca. 90 i talet, må ut for å få mosjon.

– Året etter fekk vi frå svar frå Mattilsynet om at vi skulle få eit svar på søknaden vår i løpet av beitesesongen 2016. Vi har framleis ikkje fått noko svar, seier Ekroll.

Men dei forstår no at dei neppe vil få noko dispensasjon, og er innstilte på å finne ei løysing.

Firkanta

Dette er også haldninga til dei andre bøndene. Dei er opptekne av dyrevelferd, og er ikkje motstandarar av at dyra skal ut. Men dei synest myndigheitene er vel firkanta.

Mattilsynet var dei som måtte ta imot kritikken. Men Anne Stine Foldal frå tilsynet streka under at det er Stortinget som har vedteke regelverket, ikkje ho. Mattilsynet er på si side sett til å handheve reglane.

Og kravet er altså at storfe skal sikrast moglegheit til fri rørsle og mosjon på beite i minimum åtte veker i løpet av sommarhalvåret.

Dersom det ikkje er tilstrekkeleg eigna beite for fjøs som stod ferdig før 2014, kan dyra i staden få tilgang til ein luftegard.

– Mattilsynet kjem til å føre tilsyn for å sjå til at bøndene følgjer krava. Dette får høg prioritet i Møre og Romsdal i år gjennom umelde tilsyn, seier Anne Stine Foldal.

Kan få bot

Dei som ikkje rettar seg etter pålegg risikerer bot, eller lovbrøtsgebyr, som dei kallar det.

Fylkesmannen blir også informert om brot på mosjonskravet. Då risikerer bøndene å miste produksjonstilskotet sitt.

Mjølkebønderne på møtet



SAMDRIFT: Eirik Berg, Petter Arne Ekroll og Mikal Skodjereite er tre av fem eigarar i Skodje Samdrift, eit digert føretak i eit bygg på 2.300 kvadratmeter med ca. 250 dyr – av dei 90 mjølkekyr. FOTO: TERJE ENGÅS



ERFARINGAR: Mjølkebonde Per Kristian Gjerde (til venstre) frå Stranda delte erfaringar med Olav Folkestad og Trude Folkestad frå Volda.

hadde ulike erfaringar:

Per Kristian Gjerde i Strandadalen sa at garden hans ligg slik til at det blir ikkje lett å sende dyra på beite. Det er nemleg bratt rundt han.

– Å lage ein luftegard vil kanskje koste meg ein halv million. Eg slit i dag med på finne motivasjon til ei så stor investering, sukka Gjerde.

Kollega Olav Folkestad i Volda har derimot gode erfaringar

frå garden som dottera Trude Folkestad driv i samdrift med Øystein Flote:

– For oss fungerer det godt. Vi tenkte heile tida at dyra skulle ut. For det første har vi lausdrift, slik at dyra kan gå ut og inn som dei sjølv vil. Dessutan sender vi dei på utmarksbeite i fire månader. Undervegs følgjer vi med for å sjå til at dyra har der bra. Og det har dei, seier Folkestad.



MATTILSYNET: Anne Stine Foldal frå Mattilsynet fortel at dei kjem til å ha umelde tilsyn på gardane i Møre og Romsdal for å sjå om bøndene sender dyra sine ut på mosjon.

Fleire av dei frammøtte peika på at vèret på Nordvestlandet ikkje er tilpassa tunge mjølkekyr som går ute. Det blir lett svært gjørmete der dei går.

Anne Stine Foldal svarte at det er opna for å dele opp mosjonsperioden når forhold som sjukdom, vèrtilhøve – eller at sjølve bruken av det aktuelle arealet i denne perioden kan gjere skade på underlaget.

Mattilsynets folk la også til at

det er bonden sjølv som skal dokumentere at dyra er ute, gjennom å føre logg.

Bonde Mikal Skodjereite samanfatta møtet slik:

– For å få politikarar og forbrukarar på vår side, så har vi nok ikkje noko anna val enn å oppfylle desse krava.

TERJE ENGÅS
terje.engas@smp.no